



## FJELLHAGEN

Frå Kinsekvellen og innover mot Veivatnet kan vi vandra gjennom eit av Hardangerviddas mange grøderike område. Her veks ei rekkje kravstore planter, og det er rikeleg med fugl og fisk. Vi kan takka eit kalkrikt jordsmonn for mangfaldet.

Frå Kinsekvellen mot Kinsevatnet og Veivatnet. (Svein Nord)

Når reinrosa står i fullt flor i byrjinga av juli, er marka kvitt i kvitt, som ein fjellhage å sjå til. Det er vel verdt å bruka god tid i denne hagen, for det veks òg mykje anna på dei skifrige fyllittknausane. Den vesle rabbestorren er ikkje god å få auga på. Han er elles funnen berre nokre få stader. Denne austlege planta finst ikkje på fjell som ligg vest for Hardangervidda. Ei rekkje fjellplanter på kalkheiane ved Veivatnet har ei liknande utbreiing: skredarve, reinmjelt, snømore, fjellfiol, bleikmyrklegg og fleire andre. Ein stor del av Hordalands fjellplanter veks i dette området.

Det gode jordsmonnet gjer at også vasskvaliteten i ferskvatna er betre enn vanleg på vidda. I både Veivatnet, Onkjelsvatnet, Holmavatnet og lenger nede ved Stavalivatnet

lever krepsdyret marflo. Marflo gir næringsgrunnlag for små hekkebestandar av alpine dukkender, som bergand og svartand. Men han er òg omtykt av fjellauren, som kan bli storvaksen i fleire av vatna i området. Det hjelper òg på storleiken at det blir fiska med garn, slik at det ikkje blir for mykje fisk i vatnet.

Heilo finst mest overalt i heia. I meir fuktige drag og nær vatna har myrsnipa gode

vilkår, medan artar som boltit og lappsporv held seg helst på tørrare grunn. Dette landskapet er det vestlegaste hekkeområdet i Europa for lappsporven. På meir steinete høgdedrag spelar fjøreplytten opp, og somme stader er det mykje fjellrype.

I fyllitten er det førekomstar av bergkrystallar – glasklar kvarts. Stein og mineral er freda i nasjonalparken, til liks med dyr og planter.



Rabbestorr.  
(Bjørn Moe)

Bleikmyrklegg  
(Jan Rabben)




## FJORDING PÅ VIDDETUR

HÅRTEIGEN, «den gråa vegvisaren», som namnet tyder, er eit landemerke for turgåarar på vestvidda. Fjellet er òg eit monument over dei mektige berglaga som ein gong dekte beile vidda. Saman med mellom anna Hardangerjøkulen og Hallingskarvet er Hårteigen ein rest av eit skyvedekke med gneis. Elles på vidda er skyvedekka for det meste tærte bort – det som no er vekke, vart skylt ut i Nordsjøen av elvar og isbrear.

Under skyvedekkebergartane ligg fyllitt som stammar frå kambrosilurtida, og som kviler på grunnfjellet. Fyllitten kjem fram i dagen rundt foten av fjellet. Han inneheld kalkrike lag, med fossil av dyr som levde for 470–464 millionar år sidan. Både trilobittar og graptolittar er funne ved Grytenuten, nær Hårteigen. Desse dyra levde på leirbotnen i eit forhistorisk bau. Etter kvart som dei døydde, vart dei dekte av tjukke lag med slam og leire – som foreviga forma på dyra.

Gneisane i skyvedekka utgjer det meste av sjølve Hårteigen. Dekka kom på plass då Grønland og Noreg kolliderte. Svære bergflak av gneis vart skvisa bort frå kollisjonssona og skei over leira der fossila låg. Det er mest som eit under at dei veldige kreftene, som flytta fleire kilometer tjukke berglag, ikkje øydela alle fossila.

Flaka kom frå nordvest. Då dei stogga, hadde dei truleg lagt bak seg fleire hundre kilometer. Geologane meiner reisa starta i havområda vest for Sogn og Fjordane eller Sunnmøre, men nokon nøyaktig opphavsstad er det ikkje mogleg å peika ut.



Svein Nord

